



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
27.09.2018
Dykkar dato
31.08.2018

Vår referanse
2015/1720- 561
Dykkar referanse
Tord Solvang

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad om endra slukeevne for Elde kraftverk, Bremanger kommune

Vi viser til oversendinga 31.8.2018 som gjeld søknad om auka slukeevne for Elde kraftverk, frå konsesjonsgitte 1,25 til 1,8 m³/s. Dette vil auke den årlege produksjonen med 0,6 GWh. Planendinga er i hovudsak basert på nytt hydrologisk grunnlag.

Den viktigaste miljøtilpassinga for prosjektet som fekk konsesjon var at kraftstasjonen skulle etablerast ved vandringshinder for sjøaure, og krav om tiltak for å sikre vandrainga av ål. Fastsett minstevassføring var venta å skulle vere tilstrekkeleg til å sikre vandrainga av ål, og også avbøte skade på anna naturmiljø og friluftsliv.

Den konsesjonsgitte slukeevna (165%) er låg samanlikna med mange prosjekt som har fått konsesjon dei seinare åra, medan nivået i den nye søknaden (225%) ligg i øvre sjikt samanlikna med andre utbyggingar. På grunn av at berekningsgrunnlaget er endra, vil det likevel verte nokre fleire døgn med overløp enn det som vart lagt til grunn for konsesjonen.

Ut frå dei premissane som elles er lagt for konsesjonen, vil endringa etter vår vurdering få akseptable verknader for allmenne interesser. Vi konstaterer også at justeringa vil gi eit positivt energiutbytte.

Med helsing

Eline Orheim
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Bremanger kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Miljødirektoratet